# Studieområdet Kaupanger i Sogndal



# Auka bruk av utmarka

- Større hjortebestand og meir jakt:
  - Kaupanger vinteropphaldsplass for hjort i ein sårbar periode
  - Kommersiell jakt utvikla frå 1990, i dag fire grunneigarar
  - Stor nedgang i fellingsprosent
- Folketalsvekst og trim:
  - Folketalet på Kaupanger har auka med ca. 8% sidan år 2000
  - Dobling i bruk av turpostane same periode. Ca. 20.000 besøk
- Terrengsykling:
  - Oppdaging av Kaupanger som sykkelområde omkring 2010
  - Sykkelritt i 2012 og 2013, i 2014 flytta til Molden
- Bratt Moro:
  - Tok kontakt med Vestlandsforsking i 2014 om prosjekt om konflikt mellom stisykling og grunneigarar








VESTLANDSFORSKING

# Kva meiner vi med konflikt?

- Mål for åtferd som ikkje er mogleg å samegne; dvs at ein gruppe eller individ kan bli hindra i å nå sine mål av andre (Jacob and Schreyer, 1980: 369).
- Reell konflikt (målkonflikt):
  - Hindring for realisering av ein aktivitet i skog, mark og fjell
  - Ulike mål for utvikling av eit område (plankonflikt eller konflikt om profilering)
- Tenkt konflikt (oppfatning):
  - Oppfatning av at terrengsyklistar ikkje tek omsyn og er farlege
  - Kulturell konflikt – korleis friluftsliv skal praktiserast (Flemsæter m.fl. 2014)
- Forskingspørsmål:
  - Kva for **tiltak** kan redusere konflikt og stimulere til fleirbruk?
- Forskinga si rolle:
  - Å forske på endring av aktiviteten, kommunikasjonen, tilrettelegginga etc.

# Tiltak trim/vandring

## Turpost bøker inn under jakta:

- Krav frå grunneigarar om å ta inn turpostar under jakta
- KIL har tilpassa seg dette

## Verknad kartlagt i spørjegransking:

- Halvparten av trimmarane besøker turpostane mindre i oktober enn elles
- Mindre bruk/ikkje bruk i okt. vert delvis kompensert med anna aktivitet
- **MEN, 20-30% er mindre aktive i oktober**

Informasjon frå Kaupanger idrettslag til trimarane:

NÅR LIGG BØKENE UTE
Hjortejakta er ei viktig næring på Kaupanger og vi oppmoder alle om å ta omsyn i perioden 1. september – 23. desember, spesielt morgon og kveld. I kortare periodar vil nokre av bøkene ikkje ligge ute.

Desse bøkene vert **tekne inn 1. september:**
Hungerhaug, Vardaheii og Kyndelstjørni. Desse bøkene vert lagt ut att til jul (dersom vèrtilhøva tillet det)

Desse bøkene vert **tekne inn 1. oktober:**
Hatleggi, Kaupangerholten, Bjørkastølen, Amlaholten, Breisete, Øydestølen, Ospesete, Hesteggi og Hauståkernakken. Bøkene på desse stadane vert lagt ut at ca 15. november.

Desse bøkene **ligg ute heile året:**
Lingesete, Dueskardvarden, Store Haugmelen og Storehogen (ved tårnet).
(det kjem ny bok ca 1. oktober)

no

# Tiltak stisykling

**Sogn Terrengsykkel**
September 4, 2014

1. september starta hjortejakta på Kaupanger og ellers i fylket. Me oppfordrer terrengsyklistar og andre om å ta hensyn til dette, spesielt p ettermiddagstid då mykje av jakta foregår i skumringen.

Områder det foregår mykje jakt no er Kaupangerholten, Hungerhaug o Speiderhytta. Områder det ikkje foregår jakt er Storamyri, Eidsgrenda (flyplasstien) og Kraftgata.

- Oppmoding frå Sogn terrengsykkel til syklistane om å ta omsyn til jakta i oktober
- Omfattande dialog med grunneigarar frå 2016 for å informere, formidle, mekle og skape tillit
- Etiketteplakat: Ikkje shuttle, store grupper, sosiale medium




Verknad på sykling i oktober på ulike stiar i 2017




| Site Name | Average | Median | STDV | Min | Max |
|---|---|---|---|---|---|
| * 2018-2016 Dalaker (sykkel) | 0.3 | 0.3 | 0.2 | 0.0 | 0.7 |
| * 2018-2016 Kaupangerholten (sykkel) | 0.2 | 0.2 | 0.1 | 0.0 | 0.5 |
| * 2018-2017 Storamyri (sykkel) | 0.3 | 0.3 | 0.2 | 0.0 | 0.6 |
| 2018-2017 Kraftgata (IR) | 0.2 | 0.1 | 0.2 | 0.0 | 0.8 |

# Tiltak grunneigarar

- Tilpasser privat jakt i tid og rom ifht anna ferdsel
- Tilrådd område for sykling under den kommersielle jakta i oktober:
  - Storamyri til Eidsgrenda/Kaupanger senteret
- Løyve til bygging av sykkelsti: Kraftgata (avtale mellom kommunen og grunneigar)
- Løyve til enkel klopping (bruer) på stien Hungerhaug (konglesladden)






| Site Name | Average | Median | STDV | Min | Max |
|---|---|---|---|---|---|
| * 2018, 2016 Speidarhytta (sykkel) | 0.0 | 0 | 0.0 | 0.0 | 0.0 |
| * 2018-2016 Dalaker (sykkel) | 171.4 | 172.6 | 53.5 | 81.4 | 251.0 |
| * 2018-2016 Kaupangerholten (sykkel) | 133.5 | 146.0 | 74.3 | 10.7 | 235.0 |
| * 2018-2017 Storamyri (sykkel) | 225.9 | 244.0 | 71.2 | 113.6 | 304.0 |
| 2018-2017 Kraftgata (IR) | 178.3 | 119.8 | 173.2 | 30.0 | 558.0 |

Verknad av tiltak:

Stor bruk av Kraftgata i september 2017.

Avhengig av fleire forhold:
- tilrettelegging
- vedlikehald
- organisering

# Tilpassing for å unngå konflikt

- Jegerane unngår stader og tider med mykje ferdsel
- Trimmarane bruker turpostane mindre i oktober
- Syklistane tilpassar stad og tidspunkt for sykling under jakta
- **Ivaretaking av aktsomheitplikta har betydning:**
  - *«(…) de fleste konfliktene i dagens friluftsliv vil etter regjeringens oppfatning kunne løses dersom aktsomhetsplikten i friluftsloven §11 etterleves» Meld. St. 18 (2015-2016) (*Friluftslivsmeldinga)
- ***Men:***
  - *«Jakt er i liten grad i konflikt med andre former for friluftsliv» (Stortingsmelding 18 (2015-2016)*



# Felles situasjonsforståing er utvikla

- Felles oppfatning om:
  - Trimmarar tek omsyn til jakta ved mindre ferdsel i oktober
  - Sogn terrengsykling sitt haldningsskapande arbeid positiv effekt for jakta
  - Lite konflikt ute i skog, mark og fjell
- Plan for berekraftige stiar
- Kommunen:
  - Stisykling som attraktivitet for busette og som attraktivitet for tilflytting
  - Visit Sognefjord og Bratt Moro fått beskjed om **ikkje** å marknadsføre Kaupanger som terrengsykkeldestinasjon
- Felles mål mellom:
  - Grunneigarar, kommune, syklistar og idrettslag.

# Men, utfordringar for grunneigar

- Tidlegare gode jaktområde er tapt grunna auka ferdsel
- Forstyrring av kommersiell jakt
- Sykling utanfor sti
- Grunneigar tek initiativ til vern:
  - Endring av reglane for områda, frå Plan- og Bygningslov til Lov om Biologisk mangfald
- Grunneigar:
  - *«Det er viktig at folk som bur her får bruke naturen fritt. Men eg blir litt skremt når naturen blir gjort til ei salsvare for alle moglege andre. Då blir han vekke. Det er ein av grunnane for at eg har valt å gjere dette (frivillig skogvern)».* (www.porten.no 11. juni 2017)



# Utfordringar for trimgruppa

- Ønskjer å utvikle sentrumsnære og korte turstiar
- Ønskjer enkel rydding av etablerte stiar
- Vestlandsforsking: Frivillege avtaler bra, men om ikkje mogleg har kommunen heimel i Friluftslova til å gi frivillege org. løyve til å :
  - *«varde og merke opp ruter og turstier i utmark, og den kan på bestemte steder bygge klopper eller bruer og sette i verk andre tiltak for å lette ferdselen langs ruter og turstier i utmark»* (§ 35 i Friluftslova)
  - Grunneigar skal bli varsla

# Utfordringar for Sogn terrengsykling

- Ønskjer avtaler om utbetring, omlegging og vedlikehald av stiar:
  - Vidareutvikle stinettverk Kraftgata
  - Enkel tilrettelegging Storamyri-Eide
  - Utbetring og omlegging av stiar i Amla

- Formål: Berekraftige stiar som toler ferdsel og gir mindre slitasje

- Vestlandsforsking:
  - Bra med frivillege avtaler, men kommunen kan gi løyve til dette.
  - Om ferdselen skulle bli for stor har kommunen heimel til å:
    - *Til regulering av ferdselen på område hvor utfarten er stor, kan kommunen **med samtykke av eieren eller brukeren** fastsette atferdsregler som enhver som ferdes på området plikter å følge (…) (§ 15 i Friluftslova)*

# Mål, strategiar og tiltak for fleirbruk i Sogndal

- Grunnlaget: Felles mål for stisykling som attraktivitet for busetting
- Kommunen bør ta ein leiarrolle i samarbeid med lag og grunneigarar:
  - Vidare utvikling av turpostnettverket til KIL (merking og rydding)
  - Vidareutvikle sykkelområder for å konsentrere aktivitet (også framheva av grunneigarar sin fagorganisasjon Norskog)
  - Nytte ikkje utnytta potensiale for frivillig arbeid for vedlikehald av stiar
- Dersom frivillige avtaler ikkje kjem i stand kan kommunen gi løyve
- Kanalisering av sykkelaktivitet elles:
  - Andre plassar i Sogndal kommune (sentrumsnære stiar) og Hodlekve
  - Andre område i Nye Sogndal kommune (+ Luster): Heilskapleg plan
- Utforme masterplan for berekraftige stiar kopla til arealplan i nye Sogndal kommune